

Fra: Dag Vaagen[dag.vaagen@sande-mr.kommune.no]  
Sendt: 01.02.2018 15:12:00  
Til: 'postmottak@kmd.dep.no'  
Kopi: Asle Giske; Oddbjørn Indregård; Sande Kommune  
Tittel: Revisjon av distriktsindeksen - Uttale frå 1514 Sande kommune

---

## Revisjon av distriktsindeksen

### Uttale frå 1514 Sande kommune til KMD sitt utkast til rapport av desember 2017 v/ordfører Dag Vaagen etter fullmakt frå Sande formannskap, gitt i møte 23.1.2018

Vi konstaterer at distriktsindeksen har fått - og er vidare tiltenkt - stadig større betydning som hjelpemiddel for fastsetjing av virkeområde for distriktsretta regionalstøtte og fordeling av regionalpolitiske tilskot til kommunane gjennom inntektssystemet.

Såleis er det sjølvstøtt svært viktig at revisjonen, med gjennomgang av samansetjing og veging av indikatorar, fører til ein indeks som på best mogleg vis fangar opp samfunnsmessige utfordringar som følgje av geografiulempem m.m..

I framlegget til ny distriktsindeks er det lagt opp til tre, mot tidlegare 4, indikatorar. I den nye med auka vektlegging av geografi basert på grad av sentralitet .

Demografidelen med eldredel og kvinnedel er ute av indeksen med grunngeving i at demografien er tett korrelert (uttrykk frå rapporten) til sentralitets-faktoren. Vi er like fullt urolige for at indeksen ikkje vert finmaska nok til å fange opp den einkilde kommune sine særskilde utfordringar. Et par moment i så måte henta frå eigen kommune:

- Reisetid/-mulegheit. Utfordringar som er unike for vår kommune i høve til regionen elles: Stor del av innbyggjarane er busette på kringflødde øyar ved Stadhavet. Kommunikasjon til frå/øyane er i dag som for 40 år sidan: Ferje i firkantsamband. 9 avgangar i døgnet, med 2 timars intervall. Driftsstanser pga. vermessige og materiellmessige tilhøve er ikkje uvanleg. I praksis isolerte øysamfunn i den tida ferja må ligge i ro, alt frå 4 timar til heile døgn.
- Høg næringsaktivitet i kommunen med store-, mellomstore- og små verksemdar, særleg knytt til marine- og maritime næringsklynger, utan tilsvarande høg busetjingsgrad. Jf. stor innpendling (<30%). Næringsstrukturen, med framleis maskulin overvekt mellom tilsette i maritime næringer, gir isolert sett for vår kommune lav kvinndel, og relativ lav busetjingsgrad gir over tid høgare eldredel.

Med momenta over meiner vi å peike på at distriktsindeksen må vere treffsikker i høve til den einkilde kommune, liten som stor. Som vertskap for næringsliv med stor regional og nasjonal betydning er det vårt samfunnsansvar å legge til rette med tenleg infrastruktur og tenestestruktur.

På generelt grunnlag er vi kritiske til at omlegginga til ny indeks synes å gi ein samla reduksjon i distriktsstøtta med om lag 10% (290 mill). Jf. KS sine modellutrekningar. Det er ikkje grunn til å forvente at summen av distriktsutfordringar skal verte mindre.

Med helsing

**Dag Vaagen** Ordfører

Dir: 70026790

Mob: 97196495

E-post: [dag.vaagen@sande-mr.kommune.no](mailto:dag.vaagen@sande-mr.kommune.no)



Sande kommune, Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes


Sentralbord: 700 26 700

[sande.kommune@sande-mr.kommune.no](mailto:sande.kommune@sande-mr.kommune.no)

[www.sande-mr.kommune.no](http://www.sande-mr.kommune.no)

*Vi gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse. Både inngåande og utgåande e-post blir vurdert for ev.*

*journalføring i kommunen sitt sak-arkivsystem.*

 Tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten!